

Kyrkjelydsbladet

Kyrkjelydsblad for alle sokna i Kvinnherad kommune

Påske 2025

Nr. 1 Årg. 4



Frå Tårnagent-samlinga
i Husnes kyrkje i mars

God påske! Kristus er oppstått!



Kyrkjekontoret i Kvinnherad

Klubbavikjo 9, 5451 Valen

Ekspedisjonstid: man-, tirs- og torsdag kl. 10.00 - 14.00



Kyrkjeverje

Torstein Aarhun

Mobil: 951 24 964

torstein.aarhun@kvinnherad.kommune.no



Dagleg leiar, kyrkjelydsarbeid

Jan-Ove Fagerheim

Mobil: 913 45 042

jan.ove.fagerheim@kvinnherad.kommune.no



Sokneprest

Kjersti Brakestad Boge

Mobil: 952 62 022

kjersti.brakestad.boge@kvinnherad.kommune.no



Sokneprest

Kjetil Kringlebotten

Mobil: 413 06 667

kjetil.kringlebotten@kvinnherad.kommune.no



Kantor

Eva Megyesi

Mobil: 955 20 899

micacica@online.no



Einingsleiar i Trusopplæring

Kristine Hestad

Mobil: 971 95 370

kristine.hestad@kvinnherad.kommune.no



Gravplassarbeidar/kyrkjetenar

Alf Jarle Langeland

Mobil: 488 95 728

alf.jarle.langeland@kvinnherad.kommune.no



Gravplassarbeidar/kyrkjetenar/reinhaldar

Idar Bjørgen

Mobil: 488 95 732

idarbjorgen@gmail.com



Gravplassarbeidar/kyrkjetenar

Trond Inge Kvandal

Mobil: 916 67 069

trond.inge.kvandal@kvinnherad.kommune.no

Fungerer dessverre
ikkje med SMS
(tekstmelding).



Telefon: 90 53 19 10

post.kyrkja@kvinnherad.kommune.no

www.kvinnherad.kyrkja.no



Konsulent

Ingrid Sundal

Mobil: 907 76 149

ingrid.sundal@kvinnherad.kommune.no



Kontorsekretær

Ann Helen Collins

Mobil: 940 12 615

ann.helen.collins@kvinnherad.kommune.no



Sokneprest

Carsten Mrusek

Mobil: 916 63 816

mrusek.carsten@gmail.com



Sokneprest

Åse Selsvold

Mobil: 456 05 184

ase.selsvold@kvinnherad.kommune.no



Organist

Rebekka Attramadal

Mobil: 411 06 952

rebekka.attramadal@gmail.com



Trusopplærar

Toril Langeland

Mobil: 909 58 898

toril.langeland@kvinnherad.kommune.no



Diakonimedarbeidar

Ingunn Koløy

Mobil: 476 22 519

ingunn.koloy@kvinnherad.kommune.no



Gravplassarbeidar/kyrkjetenar

Helge Furdal

Mobil: 995 12 585

helge.furdal@kvinnherad.kommune.no



Gravplassarbeidar/kyrkjetenar/reinhaldar

Johannes Solheim

Mobil: 976 10 810

johannes.solheim@knett.no

I tillegg til desse har me og nokre mindre stillingar
knytt opp til ei, eller nokre få, av kyrkjene våre.



Vil du gi ei gåve til bladet...?

VIPPS nr.: 537407

Bankgiro:
3208.27.67117

Redaksjonsnemnd for Kyrkjelydsbladet:

Sjur Tjelmeland, Reidar Algerøy, Kristian Bringedal,
Airin Helene Zimmer og Hildur Karin Øvsthus

Redaktør og layout: Jan-Ove Fagerheim

Trykk og distribusjon: Grenda

Den tomme krossen

av biskop Ragnhild Jepsen

Når kyrkjeklokkene ringer påskehøgtida inn påskeaftan, vitnar dei om at kyrkjehusa er berarar av historie og kontinuitet i bygdene og byane våre. Til saman dannar dei ei lenke som bind oss til kvarandre. Det er som dei syng oss saman.

I vårt bispedøme er vi medvitne om ei tusenårig historie med lag på lag av mennesket si tru og tilbeding. Steinane og veggane i kyrkjehusa er levande fordi dei har teke imot smerte og liding, glede, kjærleik og sorg frå dei som har vore her før oss. Dei speglar gudslengt og guds nærvær.

Det paradoksale er at dei også gjev rom for å synleggjere gudsfråvær.

Det sterkaste symbolet i kyrkje-rommet vil alltid vere krossen. Symbolinnhaldet i krossen er fleirtydig. Den er eit dødsinstrument. Den er teiknet på oppstoda, og den er uttrykk for sameininga mellom Gud og menneske i Jesus Kristus. Krossen, slik vi kjenner den, vil alltid vere knytt saman med påskens bodskap: Jesu lidingssoge, hans død og oppstode.

I påskeforteljinga sine dramatiske døgn er det også ei tid då verda ikkje har nokon Gud. Frelsaren er i denne timen død. I kyrkjekunsten kjem det til uttrykk i motivet som skildrar korleis Jesu døde kropp vert teken ned frå krossen. Eit likklede vert strekt mellom krossarmene. Mannen som sa at han

var Gud, viser seg å vere av kjøt og blod som resten av oss. Og sjølv om vi som ser motivet også veit at berre om nokre få dagar, på påskemorgon, skal kristne over heile verda jublande syng «Kristus er oppstaden», er det som om vi enno ei tid må leve med eit opent spørsmål utan eit sjølvsvagt svar. – Kva vil skje med oss? Kan verkeleg livet sigre over døden?

Verdas angst og menneskets oppleving av det meiningslause, av gudsfråværet, må også ha sin stad. For viss vi ikkje torer å setje ord på at det er slik, kan vi heller ikkje tale truverdig om at Gud som lir og dør langfredag, også deler alle mennesker sine langfredagar. Og at oppstoda si glede og livskraft ein dag skal bli alle menneskes glede og livskraft.

Vi treng bodskapen om håpet og om den tomme grava. Vi treng det i vår del av verda, vi treng det over heile verda. Vi treng det no! For verda er råka av krefter som vil vondt. Det er vanskeleg å ta inn over seg den mengda av frykt og død vi ser omkring oss, nær oss og langt borte. Framfor denne påskehøgtida kjenner vi det igjen, og vi må ta det inn over oss.

I påsken feirer vi at lyset vinn over mørket. Og at vi skal få leve i det lyset. Det er ikkje lovnad om eit liv der alt er godt og smerte ikkje skal vere. Livet har lært oss at dagane kan vere mørke og sorga kjennes som ei klo i bringa som aldri slepp taket.

Men dei kreftene Jesus tek oppgjer med i gravkammerets rom, dei skal ikkje ta overhand. Dei skal ikkje sigre.

For Livet og Håpet er sterkare!

***Døden må vike for Gudsrikets krefter!
Livet er gjemt i et jordekket frø.
Se, i oppstandelsens tegn skal vi leve.
Se, i oppstandelsens lys skal vi dø.***

Svein Ellingsen, Norsk salmebok nr 209



PÅSKENATTSMESSE

Kvinnherad kyrkje, påskeaftan (laurdag 19. april) kl. 21.30

Påskeaftan skal vi dette året gjera noko nytt (eller eigentleg ganske gammalt) i Kvinnherad kyrkje. Då blir det påskennattsmesse. Den skal anten feirast dagen før påskedag, etter solnedgong, eller påskemorgon, rett ved soloppgongen (det ein kan kalla ottesong).

Påskennatts- eller morgonmessa er historisk sett den viktigaste gudstenesta i kyrkjeåret. Det var då ein døypte folk og det var då ein feira Kristi oppstode ved å lesa seg gjennom frelseshistoria, frå skapinga heilt fram til oppstoda sjølv.

Som det står i liturgien: «I denne natta reiste Gud Jesus Kristus opp frå dei døde og førte liv og udøyelegdom fram i lyset. Lat oss høyra korleis Gud i opphavet skapte alt ved sitt mektige ord, i tidlegare tider redda folket sitt og då tida var mogen sende sonen sin, vår frelsar.»

Vi vonar mange vil ta turen til ei høgtids-gudsteneste litt utanom det vanlege. Her samlast vi om lovsong, bøn, Skrifta og natt-verden for nettopp å feira dette, at Kristus er stått opp og at vi ved han kan finna frelse.

Helsing
Kjetil Kringlebotten
og Carsten Mrusek



LANGFREDAGSSAMLING HUSNES KYRKJE kl. 19.00

Den tradisjonelle samlinga der påska sin bodskap vert formidla gjennom song, musikk, dikt, bibeltekstar og bilete på storskjerm.

Liv Slettemark - opplesing, Reidar Algerøy - orgel,
Rachel Erlingsson og Elena Ros Nielsdottir - song,
Leif Kongestøl - song, Hallgerd Hegland - song,
Otto Benjaminsson og Frøydis Sjø - song
og Rebekka Attramadal - song

Velkommen!



Bjarte Leithaug

- har reist «land og strand» med song og musikkglede i over 40 år



Bjarte Leithaug har i meir enn 40 år reist landet rundt med song og musikkglede. Det heile starta i 1982. Til vanleg er han lærar på Knarvik ungdomsskule, fram til han går av med pensjon om eit halvt år. Han har skrivne meir enn 100 songar og sett tone til mange av dei.

Leithaug er av ei musikalsk slekt. Far hans, Peder, var lærar på Frekhaug folkehøgskule og etterkomarane etter Peder og Helga er alle musikalske. Syster hans er Solveig Leithaug. Han er onkel til den internasjonalt kjende artisten Gabrielle.


Bjarte Leithaug ved mange høve vore i Uskedalen, også i Kvinnherad kyrkje. Laurdag song han saman med koristar frå Rosendal Tweens, Rosendal Barnekor, Singing Tweens og andre påmelde frå andre bygder. Ein stor stab, med Nelly Kjærland, Solfrid Hellesøy Siqveland og Rebekka Attramadal i spissen, gjorde sitt til at konserten samla full kyrkje og var vellukka på alle måtar.

Konserten inneheld 14 songar framført i kor saman med Leithaug. Til opning song kora nokre sjølvvalde songar.

Rebrekka Attramadal kompa på piano. Bjarte Leithaug framførte ein eigen avdeling med mellom anna eit innslag i samspel med Rebekka på orgel.

Nelly Kjærland nytta høve til å takka for god økonomisk støtte frå Kvinnheradstiftinga. Ho takka også mange andre for godt samarbeid og hjelp.

Kristian Bringedal



Uskedal kyrkje var fullsett då Bjarte Leithaug og lokale songarar inviterte til konsert.



Bjarte Leithaug saman med Rosendal Tweens og Singing Tweens. På piano: Rebekka Attramadal.

Ein drøs med prosten

Arild Steinsland heiter den nye prosten i Sunnhordland. Han er 58 år, bur i Førde i Sveio og har kone og tre born. Før han vart prost, var han sokneprest i Sveio.

Han har ikkje alltid budd i Sunnhordland. Han er oppvaksen på fastlandsbiten av Karmøy, altså tett ved Haugesund. I unge år var han aktiv i ungdomsarbeid i kyrkja og i KFUK-KFUM.

Han er utdanna på Menighetsfakultetet i Oslo. Han for langt mot nord før han vart ordinert til prest. Det føregjekk i Kirkenes, heilt aust og nord i Finnmark i 1996.

Folket i Kirkenes hadde den gongen eit nært naboskap og vennskap med Russland på andre sida av grensa.

- Me hadde mykje med russarane å gjera, fortel han. Det var den gongen nordmenn og russarar var vener og likte kvarandre, legg han til og har dagens spente internasjonale situasjon i tankane.

- Eg fekk vera ein del av den lengste fredstida mellom nordmenn og russarar. Me besøkte militærleirar og helsa på offiserar i det høgare skiktet.

- Kyrkjelyden i Kirkenes, saman med kommunen, Røde Kors og Sivilforsvaret organiserte «Aksjon Nabohjelp». Arbeidet gjekk ut på å skaffa varer til russarar, rett og slett daglegvarer som dei hadde altfor lite av.

- Eg hadde til oppgåve å tigga etter varer frå store delar av landet vårt. Bedrifter gav dei gratis, og Hurtigruten tok dei fritt med nordover.

Så kan ein undrast på kvifor nordmen i nord og deira russiske vener no er definerte som fiendar.

- Nokon har funne på ein fiendskap som ikkje eksisterer. Det skuldast ei handfull statsleiarar og andre storfolk. Vanlege folk er slett ikkje fiendar, seier prosten. Nordmenn i grenseområda i nord har alltid hatt eit godt forhold til russarane. Me vart alltid inviterte til festar på det russiske konsulatet. Russarane

er kjende for å vera opne og gjestfrie. Det var eit kjempegodt forhold på tvers av grensa så lenge eg budde der, seier Arild Steinsland.

Samarbeidet med den ortodokse kyrkja i Russland var godt, og dei besøkte kvarandre, trass i ulik tradisjon og teologi. I Arkangelsk er det også ein luthersk kyrkje-lyd. Det vart halde ortodokse gudstenester i Kirkenes, og sjølvaste erkebiskop Simon kom på besøk. Eg har høyrte at han no er fråteken tittelen fordi han har protestert mot det Putin held på med. Protesten er eit standpunkt det står respekt av, meiner prost Steinsland.

Han har i tidlegare tider arbeid i Misjon bak jernteppet, dagens Stefanuasalliansen, både på heiltid og på deltid medan han studerte teologi. Organisasjonen er oppteken av menneskerettar og arbeide i Sovjetunionen (Russland) og i dåverande Tsjekkoslovakia og Polen.

- Me hadde alltid med Bibelen til utdeling, sjølv om det nokre stader var ulovleg, men det var mest matvarer me delte ut til folk. Og så var det viktig å møte menneske som blei forfølgde for trua si, og gje historiene deira vidare til folk i Noreg.

Tilbake til Sunnhordland:

- Kva gjer prosten?

- Eg er arbeidsgjevar for 16 prestar i sju kommunar og er biskopens høgare hand. Ferieplan for sommaren er ei av oppgåve; prestane skal ha ferie, og livet i kyrkjene må gå sin gang så langt råd er. Sunnhordland er eit stort prosti, og prosten har ikkje fast presteneste.

- Korleis står det til med kyrkja i Sunnhordland?

- Det står bra til. I fjor kom det 7500 fleire til gudsteneste enn året før, trass i at det var nokre færre gudstenester. Eg trur tendensen til nedgang i oppslutnaden om gudstenestene har snudd, fleire tek seg tid til

å koma til kyrkje. Det kan ha samanheng med at me lever i ei uroleg tid, og folk er på leit etter tryggleik i kvardagen. Den kan dei finna i kyrkja, kyrkja ønskjer at me skal ha ei trygg verd. Eg er glad for det kyrkja har å tilby:

- *Kom til meg alle de som strevar, eg vil gje dykk kvile, sa Jesus.*

- Ja, kva kan kyrkja tilby?

- Samvær og samhald. Det er godt å vera saman og støtta kvarandre. Jesus vil gje oss fred, ikkje berre den freden verda kan gje, han er midt iblant oss når me møtest. Mange lever i vanskelege forhold, og dei kan finna ro i å samlast som kristne. Det er noko som fungerer både i freds- og ufredstid.

- Gudstenesta, ønskjer du endringar?

- Eg vil gjerne bidra til at fleire vil koma til kyrkje. Det kan t.d. gjerast ved å invitere organisasjonar eller andre grupper. Det kan sjå ut til at folk må ha ein grunn til å gå til kyrkje. Eg har mange ein gong høyrte frå folk som kom til gudsteneste: - Her var det kjekt å vera, her skulle eg vore oftare.

- I Sveio har me bygdegudstenester, då inviterer me bygdelag, 4H, kvinne- og familielag og andre organisasjonar. Dei fortel om arbeidet sitt. Det trengst noko førebuing med slike arrangement, men mange set stor pris på å få koma. Folk spør naboane om dei vil vera med. Det ser ut til at mange har ein viss frykt for andre, og den vil me motverka. Folk er sosiale, og eit godt råd til kyrkjefolk er å invitere med naboen.

- Innhaldet i gudstenesta?

- Eg meiner me har god variasjon i dag, som mange set pris på. Då eg vart innsett som prost, tenkte eg på at me burde få til eit ungdomsår. Eit moderne band spelte i gudstenesta. Me har mange flinke folk i kyrkja, som kan gjera noko i dei tradisjonelle gudstenestene. Mange liker dei



Då prosten var i Kvinnherad ein onsdag i mars fekk han m.a. oppleva både babysong og kyrkjekafé i Valen kyrkje.

vanlege salmane, men me bør òg ta oss tid til å øva på meir moderne stoff i salmeboka.

- Musikkinnslag er det mange som set pris på, dei kan vera med å skapa høgtid. Det er og ein viktig del av gudstenesta.

- Så meiner eg det alltid bør vera kyrkjekaffi etter gudstenestene. Der kan folk samlast og prata og dyrka fellesskapen og bli kjende med nye menneske. Det kan gjerast enkelt; kaffi, saft og kjeks, meir trengst ikkje. Det viktigaste er at kyrkjelyden kan oppleva fellesskapen i lag.

Preikene bør vera korte, helst ikkje meir enn ti minutt, tilrår prost Arild Steinsland. Det viktigaste er godt fellesskap.

Lystenning, og å få leggja bønelappar i bønnebøsser, er det mange som set pris på. Eg har opplevd at ungdom, foreldre og besteforeldre står i lang kø og vil levera bønelappar. Det er noko me kan gjera i gudstenestene av og til.

Arild Steinsland vil gjerne at kyrkja gjer meir for born og ungdom. I Sunnhordland er det stor oppslutnad om kyrkjeleg konfirmasjon, 70-80 % konfirmerer seg i kyrkja, i somme bygder er det 100 %.

Prosten interesserer seg for ungdom i kyrkja. Han har prøvd å setja seg inn i det han kallar ungdomskulturen. Kva tenkjer unge menneske om livet og framtida?

Han har drive ungdomsarbeid sidan han var 14-15 år gammal og gjer det endå. Han var leiar i Haugaland krins av KFUM i 10 år. Han leitar etter svar på kvifor kyrkja ikkje har same plass i ungdomen sitt liv som før.

No er ungdomen oppteken av at dei skal bli til noko, det kan vera stressande når dei strevar med å oppnå det dei drøymjer om.

Han oppmodar ungdom om å vera med i ungdomsarbeid i kyrkja, det er sosialt, meningsfullt og ikkje minst er det ei framifrå leiaropplæring, og ein får med seg både danning og oppleving. Samstundes har alle lov til å vera den dei er.

Det er umogleg for menneske å nå opp til stjernene, mange unge har altfor høge ambisjonar, meiner prosten. Jaget etter suksess fører til psykiske problem for somme.

Berre du sjølv kan svara på kven er du og kvar går du? Alle kan ikkje og skal ikkje klatra til topps.

- Vyer for Sunnhordland prosti?
- Eg har eit stort ønskje om engasjert ungdom i kyrkjene, i dagens og framtidas kyrkje. Me får ei rikare kyrkje når alle årskull er med.

- På Valen opplevde eg baby-song og kyrkjekafé, det var kjekt å sjå.

- Eg ønskjer meg ei kyrkje som folk ser på som ein god og naturleg samlingsplass. Søndagar og kvardagar, ei kyrkje som er ein del av folks liv, anten det er gravferder, dåp, vigslar, korøvingar eller gudstenester. Ei kyrkje som er ein trygg og naturleg plass for folk å møtast.

Sjur Tjelmeland

Møt Arild Steinsland, den nye prosten i Sunnhordland! I denne episoden blir du betre kjent med mannen bak prestekrag-en - frå barndomens fascinasjon for ferjer til kjærleiken for softis med krokan.







www.sunnhordlandpodden.no

Foto: Kjetil Fyllingen

Velkommen inn på tekst-verkstaden!

- av Svein Rimestad



Foto: Kristian Bringedal

Omsetjing – attdikting

Eg byrja eigentleg ganske seint å omsetja tekstar. I studietida gjorde eg ei «ungdomssynd» der eg omsette ei amerikansk vise som driv gjøn med fråhaldssaka. I ettertid prøvde eg meg ikkje meir på slikt (30 år) før eg i 1998 omsette Kvannsanketid til bruk i Røysterett for Alle. Så gjekk det ein del år før eg prøvde meg. Elegi ved Uskedalselvo vart til som innslag til ein årsfest i koret rundt 2010. Dette er ei humoristisk tilnærming til ein bokstaveleg tala gravalvorleg amerikansk folkevisetekst – iallfall er det meint å vera det, ved å halda på opphavelige overdrivingar.

Mange av dei gamle folkevisene er jo ofte om alvorlege hendingar, og ofte nektar skaparane seg nesten ikkje noko som helst når det gjeld å ta i bruk drama og tragedie – i tillegg høyrer sjølvsagt det overnaturlige med. I våre dagar er det lett å ty til parodien dersom ein skal omsetja slikt, då unngår me samstundes å stå inne for flosklar og overdriven patos. Det mest rettferdige er nok likevel å ta det på alvor, og dermed halda på stemninga i ei vise. Dette gjer det samstundes mykje meir krevjande – for slik dagens tankegang er, må ein passa seg for at det ikkje skal virka uekte og tilgjort. Nyttar ein humor, slepp ein og å syna fram det som ligg under eige skinn.

Etter at eg gjekk av med pensjon, og kom litt meir med i det som vart til Rustne Menn, vart det meir aktuelt å omsetja folkelmelodiar og populære gamle viser, særleg av irsk, skotsk og engelsk opphav. Frå då av vart det meir til at eg heldt meg til ånda i dei opphavelige tekstane, og utan latterleggjering. I gruppa Rustne Menn har me teke i bruk iallfall 5-6 slike, og eg har omsett ein god del fleire gamle engelskspråklege songar, som eg stort sett har kome over på YouTube.

Omsetjing av salmar

Den fyrste gongen eg omsette ein salme, var vel i 2016, då Kristian Bringedal lokka meg til å omsetja ein Grundtvigsalme (dansk) som heiter **Velkommen igen**.

Eg gjekk ein god del rundar og tid med denne salmen. Av ein eller annan grunn – heilt ulikt meg – var eg systematisk den gongen og noterte meg kva eg tenkte under vegg, og korleis eg vrei og vende på ord og uttrykk for å finna løysing på utfordringane etter kvart som dei la seg i vegen for meg. Desse notata har hjelpt meg til nå i ettertid å kunna seia litt til dykk om dei problema ein kjem ut for når ein steller med slikt arbeid. Viktig før ein startar jobben, er å læra tonen på songen, slik at ein berre nyttar ord og ordsamansetjingar som høver rytmisk (at tunge og lette stavingar vert rett plasserte i verselina – og at det framleis seier nokolunde det same som opphavspersonen har

meint). Frå dansk til nynorsk var nytt – eit forholdsvis likt språk – men det går ikkje berre å omsetja ord for ord sjølv om språka er forholdsvis like. Langt frå alle danske ord rimar på dei tilsvarande norske. Med ikkjenordiske språk blir det endå verre – orda liknar ikkje på einannan i det heile, og setningsbygginga er oftast heilt annleis og.

Først var det tittelen: «Velkommen igen». Den blei på nynorsk til «Ver velkomne att». **Velkommen igen** – **Ver velkomne att** (trykkunge stavingar med **feit** skrift). Ved å putta inn verbet «vera» i bydeform slapp eg rytmisk ganske heldig frå den, tykkjer eg.

Stilen i Velkommen igen var med gode gamaldagse enderim – første, tredje og femte verselina skulle rima seg imellom. Linje to, fire og fem skulle og rima på einannan. Ein heil del omskrivingar måtte til for å halda på rimforma. Då gjeld det å ikkje missa for mykje av innhald og meining i den prosessen.

Gamle danske seiemåtar let seg heller ikkje alltid overføra direkte korkje til norsk eller nynorsk. Ein kan lett hamna i det me kallar kansellistil. Gamle referansar er kan henda utdaterte i våre dagar – kan henda er dei til og med uskjøneleg vortne. Dette gjeld sjølv sagt endå meir frå andre språk over til norsk.

Salmen vender seg i hovudsak til Guds englar små heile vegen gjennom, og byrjar slik (notata er skrivne ved sida av i blå kursiv):

Velkommen igen, Guds engle små
Fra høje himmelsale,
Med dejlige solskindsklæder på
I jordens skyggedale!
Trods klingrende frost godt år I spå
For fugl og sæd i dvale.

Ver velkomne att, Guds englar små
Frå høge Himmelsalar,
Med skimrande solskinsklede på,
Til jordas skuggedalar.
De, trass det er frost, godt år kan spå
For fugl, og frø i dvale.

Seks lines vers, line tre og fem rimar på line ein, line fire og seks rimar på line to. Ingen store problem, men "deilige solskinsklede" kan ein ikkje seia på nynorsk. Eg har i staden gjort klede skimrande.

Eg kan ta eit døme på korleis ein må vri og venda på det for på eit vis å enda nokolunde på beina med eit vers som er skikkeleg vrient:

Så drømme de sødt om Betlehem,
Og er det end forblommet,
De drømme dog sandt om barnets
Hjem, Som lå i krybberummet.
De drømme, de lege jul med dem
Hvis sang de har fornummet.

Om Betlehem drøymer borna då,
Så ven er tankestraumen.
Den draumen er sann, om stall
og strå Og Han i stråleflaumen.
Dei drøymer dei må ei jul få sjå
Som sunge om i draumen.

Å få til eit formelt korrekt rim på Betlehem er mest umogleg, iallfall på nynorsk.

Draumen lyt omskrivast på sitt vis, like eins omtalen av stallen og songen.

Men, så kan ein vera så godt som berre heldig og:

Med venlige øjne himmelblå,
I vugger og i senge,
Vi puslinger har i hver en vrå,
Som blomster gro i enge!
O, synger for dem, som lærker slå
Som hørt de har ej længe!

Med venlege augo, himmelblå,
I vogger og i senger
Ligg småborna tett i kvar ei krå,
Som blommar små i enger.
Så syng, de, for dei, og tonar slå
Som fugl på lette venger.

Puslinger har ei heilt anna tyding på nynorsk, og kan ikkje nyttast i ein samanheng som denne. Har ikkje fått med at det er bortimot eit halvt år sidan lerkesongen høyrdest (...som hørt de har ej længe!)

Måtte omarbeida dei to siste linene litt, som de ser.

Dersom det ikkje er lysta som driv deg, er det ingen vits i å prøva seg. Du må ha ekte kjensle og omtanke som drivkraft for det du steller med i slike høve.

Ein annan formelt viktig ting å ha med seg, er at ting som er skrivne for mindre enn 70 år sidan, vanlegvis er hefta med copyright. Etter at denne tida har gått, kan ein fritt omsetja. Det er og verd å merka seg at ein heil del av det me trur er gamle irske, engelske eller skotske folkeviser, ofte er skrivne av svært dyktige folk som kjenner sjangeren ut og inn. Det løner seg altså å vera obs på songar mellom anna Dubliners og andre skotske og irske visegrupper framførar. Det høyrer og med til god folkeskikk å opplysa om kvar ein har stoffet frå (dette gjeld oss som ikkje er politikarar og).

Nye minnelundar i Ølve og på Varaldsøy



Om du har vore på gravplassen på Ølve eller Varaldsøy den siste tida har du gjerne oppdaga at det og ved desse gravplassane har kome namna minnelund i løpet av vinteren. Sjølv om kvar minnelund får sitt særpreg er minnelundane våre laga på same måte. Minnesmerket er ein naturstein frå steinbrot i Jondal som er sett på sokkel av same type stein. Det er kyrkja sine egne tilsette som har henta steinane i steinbrotet og opparbeidd minnelundane.

Kva er ein namna minnelund?

Ein namna minnelund er eigentleg ein felles gravstein. Det er knytt eit eige gravfelt til minnelunden. Her er det tilstrekkeleg med graver. Ein føresetnad for å nytta minnelunden er at det som hovudregel er ei urne som vert sett ned. Det er ikkje kiste-felt knytt til minnelunden. Når urna vert sett ned i gravfeltet får ein ei namneplate festa på minnesmerket. Det er ikkje muleg å setje blomar og lys der urna er, men det er lagt til rette for dette i samband med minnesmerket. Sjølve gravfeltet er eit område med plen.

Kvifor velje minnelund?

Det er ikkje unikt for Kvinnherad at det vert opparbeidd namna minnelundar ved gravplassane. I heile landet er dette ein trend. Etter kvart som det vert utbreidd vert det og meir vanleg å bruke minnelund i samband med gravlegging. Det er nok ulike årsaker til at ein vel å bruka minnelund. Nokon fortel at dette er eit godt alternativ for å sleppe å ha dårleg samvit for ei grav som ikkje vert stelt. Ein minnelund vil til ei kvar tid væra stelt og det er såleis ein gravplass som vil bli passa på. Det er høve til å setje ned blomar og lys, og dei som er pårørande vil ha eit gravminne å gå til.

Minnelund skal væra ein stad som kan væra lik og tilgjengeleg for alle. Namneskilta er standardiserte og bestilt av kyrkjeleg fellesråd. Vanlege gravminne er kostbart og det er store prisforskjellar. Namna minnelund er eit alternativ som vert likt for alle uavhengig av økonomi.

Vi har no namna minnelund ved 9 av gravplassane våre. Målet er at det skal opparbeidast ved alle gravplassane som er tilnytt dei 12 kyrkjene våre, truleg kjem dei siste på plass neste vinter.

TAA



Konfirmantar på stand

I Kvinnherad samlar konfirmantarne inn pengar til Kirkens Nødhjelp sin Fasteaksjon på litt ulike måtar.

Tirsdag og onsdag var mange konfirmantar og sokneråd i sving og gjekk frå dør til dør med bøsser så folk kunne gi pengar. På laurdag stilte mange konfirmantar opp og gjennomførte aksjonsdag på Husnes Storsenter. Det var ein strålende

fin vår-dag, så det var til tider ikkje mykje folk innom senteret. Det vart likevel samla inn ein fin sum.

Nokre av konfirmantane har vore med i ei PR-gruppe i forkant medan andre har teke kontakt med bedrifter og utfordra dei på å støtte aksjonen.

På standen kunne folk m.a. kjøpa eit glas vatn for kr 300,-. Dette skulle

symbolisera det faktum at for denne summen kan eitt menneske få tilgang på reint vatn livet ut.

Kor mykje som har kome inn på Fasteaksjonen til no, kan du finne på www.fasteaksjonen.no
>>> Søk på Kvinnherad kommune, så kjem alle sokna opp.

Tusen takk til alle som har vore med og bidrege på ulikt vis!



Har du ikkje fått gitt di gåve til årets Fasteaksjon? - Du kan framleis gje på Vipps!

DET ER HÅP I EIN DROPE VATN

Fungerande ordførar

Thea Vaage

...sa JA då konfirmantane spurde om dei kunne få kaste ho på Opsangersvatnet!

...men då må dei klare å samle inn totalt

kr. 250.000,-

i Kvinnherad kommune!



VIL DU HJELPA DEI Å NÅ MÅLET?

Nesten 800 millionar menneske lever framleis utan tilgang til reint vatn i verda i dag, på grunn av tørke, flaum, jordskjelv eller krig.

Støtt Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon og gje vatn til dei som treng det mest!



VIPPS til 2426



KIRKENS NØDHJELP
actalliance

«Lovsangshjemmet» i Bangkok

- Misjonsprosjektet i Fjelberg og Eid sokn

Fjelberg og Eid sokn har misjonsprosjekt for Det Norske Misjonsselskap (NMS) i Thailand. Dette er ein del av «Menighet og Misjon», eit samarbeidsforum mellom Den norske kyrkja og misjonsorganisasjonar.

I 2009 vedtok dåverande sokneråd å inngå ein misjonsavtale mellom kyrkjelyden og NMS, og dei valde å gi støtte til «Lovsangshjemmet» i Bangkok. Dette er ein barnehage som tidlegare Halsnøy-jente Anne Storstein Haug var med å starte opp i 2002. Ho er utdanna førskulelærer og utsending for det Norske Misjonsselskap til Thailand. Dette var hennar første jobb etter språkstudier.



Lovsangshjemmet/ Home of praise

Lovsangshjemmet ligg under ein motorveg i Klong Toey slummen i Bangkok. Dette er eit område som er prega av store sosiale problem, med mykje fattigdom, rus og kriminalitet.



Barnehagen gir små barn fram mot skulealder eit pusterom i ein elles krevande kvardag. Her får dei omsorg, mat og kvile. Dei får tryggleik og rom for leik og læring.



Den evangeliske-lutherske kyrkja i Thailand (ELCT)

I tillegg til barnehagen har Anne Storstein Haug vore med på oppstarten av laurdagsklubbar i tilknytning til lokale kyrkjer andre stader i Bangkok. Dette gir barna i nabolaget til kyrkja høve til å delta i kjekke og lærerike aktivitetar, og det blir også servert eit godt måltid mat. Samstundes arbeider ein inn mot foreldregruppaa gjennom prosjektet «Sterke og trygge familier». NMS samarbeider med Den evangeliske lutherske kyrkja i Thailand, og dei støttar kyrkja på mange område, m.a. ved å førebygge menneskehandel, støtte til fattige barn og unge, leiarutdanning og lekmannsutdanning for å nemne nokre. Anne Storstein Haug arbeider no som rådgjevar

for diakoni i ELCT. Kyrkja har stort fokus på diakoni.



ELCT er ei minoritetskyrkje i eit buddhistisk land. Ho vart stifta i 1994 som eit resultat av arbeidet NMS starta i Thailand i 1976. Ho treng enno vår støtte både når det gjeld pengar og opplæring, men lokale krefter driv det meste av arbeidet.

Fjelberg og Eid sokn støttar «Lovsangshjemmet» og arbeid i Thailand med takkoffer i gudstenesta på julafta i dei to kyrkjene våre. Vi opplever at dette gir god gjenklang i kyrkjelyden, og at det er godt for oss som kyrkje og enkeltpersonar å sjå utover oss sjølve. Det ligg i kyrkja sitt kall både å gi omsorg og å dele den gode budskapen om Jesus Kristus. Vi vil vise Guds kjærleik gjennom ord og handling.

Det Norske Misjonsselskap (NMS)
NMS sin visjon er å kjempe mot urettferd - dele trua på Jesus - utrydde fattigdom.



*Saman
kan vi
forandre
verda!*

Gunn Judith Dale

Konsert i VARALDSØY kyrkje Laurdag 12. juli kl. 16.00

Det er fint å ha noko å gle seg til! Me i soknerådet har fått avtale med Knut Inge Røen. Han kjem til Varaldsøy laurdag 12. juli og framfører Jim Reeves-songar.

Knut Inge er svært dyktig, og me håpar at både fastbuande, ferierande og folk frå andre sida av fjorden kjem og høyrer på han. Dette blir ei flott oppleving!

Varaldsøy sokneråd



Diakonimedarbeidar på TV

Ein torsdag i januar kunne du møte diakonimedarbeidar Ingunn Koløy i TV-programmet «SAMTALEN».

Det er nettavisa Verdinytt og Kristen Media Norge, samt Bedehuskanalen og Kanal 10 som sender programmet «Samtalen». Dette er eit program der ein tek opp og diskuterer ulike tema, også tema som det til tider kan vera vanskeleg å snakke om.

Tema for programmet denne veka i januar var «Når sorgen rammer», og det er Ingvild Løklingholm som leiar samtalen med fleire gjester i studio.

DU KAN SJÅ
PROGRAMMET HER. >>>>>>
www.verdinytt.no
Søk etter Ingunn Koløy



Israel og Palestina - føredrag av Trond Bakkevig

Kvinnherad sokneråd inviterer til føredrag i Guddals-tunet på påskeafta. Trond Bakkevig vil snakka om «Jerusalem, stormaktspolitikk og kyrkjehistorie».

Trond Bakkevig er teolog med doktorgrad, som mellom anna handlar om spørsmål rundt krig og fred. Han har vore generalsekretær i Mellomkirkelig råd, personleg rådgjevar for utanriksministrane Frydenlund og Støttenberg, medlem i Sentralkomiteen for Kirkenes verdensråd, sokneprest i Røa menighet i Oslo og prost i Vestre Aker prosti i mange år. Han har vore engasjert i konfliktane i Sør-Afrika, på Balkan og i Midtausten. I Midtausten har han vore sentral i arbeidet med å tilretteleggja for dialog mellom religiøse leiarar i Palestina og Israel. Få kjenner historien og konflikten betre enn han.

Med kyrkjehistorien til Jerusalem som prisme, syner Bakkevig at politikken til stormaktene og kyrkjelivet i byen var og er vovne tett saman. Det kan hjelpa til med å forstå den internasjonale og historiske bakgrunnen for den aktuelle konflikten.

Fred i Det heilage landet er berre mogleg når dei to folka og dei tre religionane godtek og verdset at begge partar er knytte til landet både historisk og kulturelt.

Vi gler oss til å høyra meir, og læra meir om dette temaet!

Kvinnherad sokneråd

A poster for a book presentation and lecture. At the top left, it says 'APRIL 19. kl:13:00'. The main image shows a stone wall with a green door. Below that is a small portrait of Trond Bakkevig. The text reads: 'Bokpresentasjon og føredrag v/ Trond Bakkevig'. Below that, in a green box, it says 'Jerusalem, stormaktspolitikk og kyrkjehistorie'. Underneath, in smaller text: 'Kan ei der på taket av Gravkyrkja fortelja noko om den historiske og internasjonale bakgrunnen for den aktuelle konflikten?'. At the bottom, it says 'Galleri G Guddal Guddalsvegen 181'. At the very bottom, it says 'GRATIS INNGANG' and 'FRIVILLIG GÅVE TIL KYRKJA PÅ VIFFO 01404'. At the bottom right, it says 'Arr.: Kvinnherad Sokneråd (Kontaktinfo.: 94437967)'.

APRIL
19.
kl:13:00

Bokpresentasjon og føredrag
v/ Trond Bakkevig

Jerusalem, stormaktspolitikk og kyrkjehistorie
Kan ei der på taket av Gravkyrkja fortelja noko om den historiske og internasjonale bakgrunnen for den aktuelle konflikten?

Galleri G Guddal
Guddalsvegen 181

GRATIS INNGANG
FRIVILLIG GÅVE TIL KYRKJA PÅ VIFFO 01404

Arr.: Kvinnherad Sokneråd (Kontaktinfo.: 94437967)



Uskedal kyrkje



Husnes kyrkje



Valen kyrkje



Holmedal kyrkje



Eid kyrkje



Fjelberg kyrkje

Kyrjekalender

Dato	Tid	Kyrkje/bedehus	Prest	Takkoffer	Opplysningar
13.04.	11:00	Husnes kyrkje	Åse Selsvold	Kyrkjelydsbladet	Palmesøndag, nattverd.
17.04.	11:00	Fjelberg kyrkje	Carsten Mrusek	Normisjon	Skjærtorsdag, nattverd. *
17.04.	11:00	Hatlestrand kyrkje	Kjersti Boge	Blå Kors i Norge	Skjærtorsdag, nattverd.
17.04.	19:00	Kvinnherad kyrkje	Kjersti Boge	Kyrkjelydsarbeidet	Skjærtorsdag, nattverd.
17.04.	19:00	Ænes kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Kirkens Bymisjon	Skjærtorsdag, nattverd.
17.04.	20:00	Valen kyrkje	Åse Selsvold	Kyrkjelydsbladet	Skjærtorsdag, nattverd.
18.04.	11:00	Eid kyrkje	Carsten Mrusek	Ikkje takkoffer	Langfredag
18.04.	11:00	Ølve kyrkje	Kjersti Boge	NMS Shl.aksjonen	Langfredag
18.04.	11:00	Holmedal kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Normisjon	Langfredag
18.04.	19:00	Husnes kyrkje		Ikkje takkoffer	Langfredagssamling
19.04.	21:30	Kvinnherad kyrkje	Carsten Mrusek, Kjetil Kringlebotten	KFUK-KFUM	Påskennattmesse, nattverd.
20.04.	11:00	Eid kyrkje	Carsten Mrusek	Sjømannskyrkja	1. Påskedag, nattverd.
20.04.	11:00	Kvinnherad kyrkje	Kjersti Boge	Stefanusalliansen	1. Påskedag, nattverd.
20.04.	11:00	Husnes kyrkje	Åse Selsvold	KFUK-KFUM	1. Påskedag, nattverd.
20.04.	11:00	Uskedal kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Frelsesarmeen	1. Påskedag, nattverd.
20.04.	15:00	Åkra kyrkje	Carsten Mrusek	Stefanusalliansen	1. Påskedag, nattverd.
20.04.	17:00	Varaldsøy kyrkje	Kjersti Boge	NMS Shl.aksjonen	1. Påskedag, nattverd.
26.04.	11:00	Husnes kyrkje	Åse Selsvold	Ma Ma Children	Konfirmasjonsgudsteneste
26.04.	13:00	Husnes kyrkje	Åse Selsvold	Ma Ma Children	Konfirmasjonsgudsteneste
27.04.	11:00	Uskedal kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Konfirmantarbeidet	Konfirmasjonsgudsteneste
27.04.	11:00	Fjelberg kyrkje	Carsten Mrusek	Stefanusalliansen	Konfirmasjonsgudsteneste. *
27.04.	18:00	Kvinnherad kyrkje	Kjersti Boge	Kirkens Bymisjon	Ung Messe, nattverd
01.05.	18:00	Ølve kyrkje	Kjersti Boge	Konfirmantarbeidet	Samtalegudsteneste
03.05.	11:00	Eid kyrkje	Carsten Mrusek	Kyrkjelydsarbeidet	Konfirmasjonsgudsteneste
03.05.	11:00	Valen kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Ma Ma Children	Konfirmasjonsgudsteneste
03.05.	11:00	Kvinnherad kyrkje	Astrid E. Wilborn	Kyrkjelydsarbeidet	Konfirmasjonsgudsteneste
04.05.	11:00	Holmedal kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Ma Ma Children	Konfirmasjonsgudsteneste
04.05.	11:00	Eid kyrkje	Carsten Mrusek	Kyrkjelydsarbeidet	Konfirmasjonsgudsteneste
04.05.	11:00	Kvinnherad kyrkje	Åse Selsvold	KFUK-KFUM	Konfirmasjonsgudsteneste
10.05.	11:00	Husnes kyrkje	Åse Selsvold	Ma Ma Children	Konfirmasjonsgudsteneste
10.05.	11:00	Ølve kyrkje	Kjersti Boge	Tråvik skule	Konfirmasjonsgudsteneste
10.05.	13:00	Husnes kyrkje	Åse Selsvold	Ma Ma Children	Konfirmasjonsgudsteneste
11.05.	11:00	Åkra kyrkje	Åse Selsvold	Kyrkjelydsarbeidet	Konfirmasjonsgudsteneste
11.05.	15:00	Radiohola	Carsten Mrusek	Kyrkjelydsbladet	Frilutsgudsteneste
17.05.	10:00	Ølve kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Framnes VGS	Nasjonaldag
17.05.	10:00	Husnes kyrkje	Åse Selsvold	Trusopplæring	Nasjonaldag
17.05.	10:00	Kvinnherad kyrkje	Kjersti Boge	Søndagsskolen lokalt	Nasjonaldag
17.05.	10:30	Fjelberg kyrkje	Carsten Mrusek	Sjømannskyrkja	Nasjonaldag
17.05.	11:15	Uskedal kyrkje	Kjersti Boge	Kyrkjelydsarbeidet	Nasjonaldag
17.05.	12:00	Eid kyrkje	Carsten Mrusek	Sjømannskyrkja	Nasjonaldag
17.05.	12:00	Varaldsøy kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Varaldsøy bedehus	Nasjonaldag



Kvinnherad kyrkje



Ænes kyrkje



Åkra kyrkje



Varaldsøy kyrkje



Hatlestrand kyrkje



Ølve kyrkje

Foto av kyrkjene: Gunnar Langeland

Dato	Tid	Kyrkje/bedehus	Prest	Takkoffer	Opplysningar
24.05.	13:00	Vardhaugselet	Kjersti Boge	Ikkje takkoffer	Friluftsgudsteneste
25.05.	11:00	Kvinnherad kyrkje	Kjersti Boge	Modum bad	Nattverd
25.05.	17:00	Eid kyrkje	Kjersti Boge	Indremisjonssamskipnaden	
29.05.	14:00	Fatland/Gullhaug	Carsten Mrusek		Friluftsgudsteneste
29.05.	16:00	Kaldestad gml kyrkjestad	Kjetil Kringlebotten	Kaldestad bedehus	Friluftsgudsteneste
01.06.	11:00	Ølve kyrkje	Kjersti Boge	Kyrkjelydsarbeidet	Nattverd
01.06.	11:00	Valen kyrkje	Åse Selsvold	LEVE-landsforeningen for etterlatte etter sjølv mord	Nattverd
08.06.	11:00	Husnes kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Kirkens Bymisjon	1. pinsedag, nattverd
08.06.	11:00	Eid kyrkje	Carsten Mrusek	Den Norske Israelsmisjon	1. pinsedag, nattverd
08.06.	11:00	Kvinnherad kyrkje	Kjersti Boge	Kyrkjelydsbladet	1. pinsedag, nattverd
08.06.	14:00	Åkra kyrkje	Carsten Mrusek	Kyrkjelydsbladet	1. pinsedag, nattverd
09.06.	11:00	Fjelberg kyrkje	Carsten Mrusek	Misjonsalliansen	Nattverd *
09.06.	11:00	Hatlestrand	Kjersti Boge	Ikkje takkoffer	Friluftsgudsteneste
15.06.	11:00	Holmedal gml kyrkjestad	Åse Selsvold	Frelsesarmeen	Friluftsgudsteneste
15.06.	11:00	Varaldsøy kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Misjonsalliansen	Nattverd
15.06.	17:00	Halsnøy Kloster	Carsten Mrusek	Frelsesarmeen	
22.06.	11:00	Uskedal kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Stefanusalliansen	Nattverd
22.06.	11:00	Kvinnherad kyrkje	Kjersti Boge	Stefanusalliansen	Nattverd
22.06.	17:00	Ænes kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Sjømannskyrkja	Nattverd. Årsmøte etter gudst.
29.06.	11:00	Husnes kyrkje	Kjersti Boge	Kyrkjelydsarbeidet	Nattverd
29.06.	17:00	Eid kyrkje	Kjersti Boge	Brandøy	

* Fjelberg kyrkje:

Ferje frå Sydnes kl. 10.20. Kyrkjeskys til Sydnes og Borgundøy like etter gudstenesta.

www.kvinnherad.kyrkja.no

Hald deg oppdatert på gudstenester, konsertar o.l. på www.kvinnherad.kyrkja.no, eller bruk QR-koden:

- Kalender over gudstenester og andre samlingar i kyrkjene i Kvinnherad
- Kontaktskjema der de kan melde inn ynskje om dato for vigsel
- Påmelding til trusopplæringstiltak og innmelding av dåp
- Ulike artiklar om livet i kyrkjelydane
- m.m.



Slekters

04.12.24 - 31.03.25

Eid kyrkje

Dåp

15.12. Eline Sjø Vik
19.01. Mio Blom Paulsen
02.02. Karle Landa Eik

Gravferd/bisetting

06.12. Otto Magne Johnsen f. 1950
17.12. Sigbjørn Magne Sæbø f. 1948
20.12. Johannes Johnsen f. 1925
23.01. John Andreas Knarvik f. 1939
28.01. Halstein Bjarne Isdal f. 1945
05.02. Ingrid Knarvik f. 1940
19.02. Johanne Holsegg f. 1935
27.02. Henrik Sjø f. 1936
07.03. Anny Sofie Sætre f. 1928

Fjelberg kyrkje

Gravferd/bisetting

07.01. Johannes Øvrebø f. 1930

Holmedal Kyrkje

Dåp

08.12. Halvor Fotland-Øvrehus
12.01. Erle Teigland
12.01. Josefine Selle Saghaug

Gravferd/bisetting

21.12. Alf Berland f. 1934
22.01. Johannes Handeland f. 1932

Valen Kyrkje

Dåp

18.01. Hanna Othelie Fagerlie Henriksdottir
26.01. Noah Ripel Sandvik
16.02. Emilie Sæle Skarveland
16.02. Isak Skarveland Eysturdal

Gravferd/bisetting

04.12. Steinar Johnsen f. 1942
12.12. Jarle Ekland f. 1968
03.01. Synneva Marie Berntsen f. 1934
04.02. Haldis Gurine Ekland f. 1934
28.02. Sverre Ivar Holm f. 1943
28.02. Synnøve Eik f. 1951
21.03. Steinar Haugan f. 1950

Husnes Kyrkje

Vigsel

08.03. Sandra Selsvik Totland og Thomas Hoem

Dåp

15.12. Leon Jakobsen
05.01. Ulrik Dahl Størksen
02.02. Alfred Vågen Olderkjær
02.02. Ella Huse
02.02. Ulrik Solberg Haugland
02.02. Adele Nes Brix
02.03. Laura Saghaug Røssland
02.03. Livia Santiago Saghaug
30.03. Christian Theodor Totland
30.03. Klara Handeland Røyrvik
30.03. Emma Sjø Opsanger
30.03. Sienna Sjøvången Wangensten

Gravferd/bisetting

10.12. Kristine Johnsen f. 1986
18.12. Frank Arild Bjelland f. 1961
18.12. Kristine Eide f. 1935
08.01. Oddbjørg Sofia Kloster f. 1949
09.01. Thone Elisabeth Røssland f. 1945
10.01. Britt Røssland Vevik f. 1956
16.01. Trygve Håland f. 1936
24.01. Anna Ivarsøy f. 1934
13.02. Ludvik Ynnesdal f. 1940
20.02. Hans Asbjørn Thorkelsen f. 1945
21.02. Alf Johannes Nesse f. 1937
04.03. Olaug Kristine Åsen f. 1945
07.03. Ola Lillesand f. 1935
07.03. Sverre Martin Kvernenes f. 1948
19.03. Ingeleiv Øydvinn f. 1959

Kvinnerød Kyrkje

Dåp

25.12. Theodor Farish Kringlebotten
26.01. Trygve Haugland Furdal
26.01. Colin Vetlære
23.02. Thea Sundal

Gravferd/bisetting

27.12. Håkon Leganger f. 1946
30.12. Leif Rise f. 1972
14.01. Odd Mælen f. 1935
17.01. Berit Skåle Hansen f. 1966
30.01. Kitty Margretha Guddal Flatland f. 1936
06.02. Nordis Erstad f. 1953
07.02. Marit Helene Ertnes Van Gool f. 1946
21.03. Mary Øye f. 1933

gang



Uskedal kyrkje

Dåp

05.01. Madel Lunde Voster
23.02. Jon Miljeteig Ulvenes

Gravferd/bisetting

08.10. Svein Geir Haugland f. 1952
09.01. Sverre Martin Rødsten..... f. 1933
31.01. Berit Helene Myklebust..... f. 1947

Varaldsøy kyrkje

Inga hendingar denne perioden

Ænes Kyrkje

Gravferd/bisetting

13.12. Grete Marie Enes..... f. 1938

Hatlestrand kyrkje

Gravferd/bisetting

19.12. Ragnhold Karoline Synnes Gothe ... f. 1932
29.01. Peder Ludviksen Grønevik f. 1927
11.03. Gunvor Teigen..... f. 1931

Ølve kyrkje

Gravferd/bisetting

11.12. Hallstein Håvik f. 1953
19.12. Synneva Huse f. 1953

Åkra Kyrje

Dåp

05.01. Eila Alexandra Vågen Valhammer
05.01. Alida Vågen Vika
05.01. Jakob Bakka Tjelmeland

Dåpskjolar og anna utstyr til utlån



Ikkje alle har ein dåpskjole tilgjengeleg. Det er heller ikkje eit plagg som vert nytta så ofte. I Kvinnherad har vi to dåpskjolar som kan lånast gratis i samband med barnedåp. Den eine heng i Kvinnherad kyrkje og den andre heng på kontoret på Valen, men begge kan sjølvstøtt lånast og nyttast i alle kyrkjene våre. Marit E Totland har hekla den eine, medan den andre er kjøpt. Ta gjerne kontakt med oss på kyrkje-kontoret så kan de få sjå og prøva dåpskjolane.

Kyrkja har og lysestakar og anna til utlån i samband med gravferder. Spør gjerne etter, så hjelper vi deg.

Tlf.: 90 53 19 10

E-post: post.kyrkja@kvinnherad.kommune.no



ØYBYGGAS

Tlf.: 53 48 00 00
Mail: post@oybygg.com

teca®

Alt teknisk gjort enkelt for deg!

Interflora



Anne Maries
Blomster

53 47 81 91



[annemariesblomster](https://www.instagram.com/annemariesblomster) [annemariesblomster](https://www.facebook.com/annemariesblomster)



TRONDS MARINE SERVICE

Denne annonse-plassen kan verta din!
Ta kontakt med Jan-Ove Fagerheim!
jan.ove.fagerheim@kvinnherad.kommune.no
Mobil: 913 45 042

PB

www.pizzabakeren.no
Tlf: 53 47 22 13

PIZZABAKEREN™ HUSNES

joker

ØLVE

Haldanger & Kvinnherad
GRAVFERDSBYRÅ

Døgnvakt: 53 48 00 33 - Mail: post@hk-byraa.no

1963
HEDER

STORD
BEGRAVELSESBYRÅ
ENGELSEN - MILJE
vakttelefon 53 41 64 05

LENGTAR DU ETTER SOMMAREN...?

Bli med på...

ims SOMMAR FEST

BRANDØY
20.-22. JUNI 2025

WWW.IMS-SOMMARFEST.NO

POWER
Husnes

 **HMR**
www.hmr.no

BYGGER'N
TEIGEN

 **Husnes**
Tannlegesenter
Månd. - fred.: 08.00-16.00
Tlf. 53 47 70 00



Vi lager alle typer paller
på bestilling.

**VAR DU
KLAR OVER?**

At Sandvoll Handel har eige sagbruk, me skjer eige tømmer, men driv og med leigeskjæring.


Sandvoll
Handel

www.byggfag.no ☎ 53 47 05 00 post@sandvollhandel.no

DIN LOKALE BILFORHANDLER I KVINNHERAD!

Meir enn 40 år med bil

 **Rødsten** 
Bilforretning 

post@srbil.no

www.srbil.no

Motorstopp? Skade?
Få leiebil på forsikringen gjennom oss!
Vi ordner alt med ditt forsikringselskap.

VEST
Bilutleie
www.vestbilutleie.no



Støtt annonsørane våre!
- dei støttar oss!



Du kan gjerne gje
ei gåve til bladet på

vpps

Vipps-nummer: 537407

Påske-tilbud

KVINNHERAD SPELET

NÅ: Kr. 150,-

Ordinær pris:
499,-

TILBUD!

Kr. 100,- pr spel
ved kjøp av 3 stk
eller meir.



Ta kontakt: jan.ove.fagerheim@kvinherad.kommune.no - 91345042 - www.facebook.com/kvinheradspelet



www.facebook.com/kyrkjakvinnherad

Livet vant, dets navn er Jesus!

Alt på 1300-talet finn vi denne salmen skriven på latin, ukjend forfattar. I 1708 kom han ut på engelsk i ei salmesamling som heitte «Lyra Davidica». Derifrå stammar også melodien.

Både omsetjar og komponist er ukjende. Seinare får vi fleire omformingar av både tekst og melodi. I dag syng ein i den engelske kyrkja «Christ the Lord is risen today». Med utgangspunkt i den engelske hymnen laga den svenske presten Olov Hartman i 1975 sin eigen tekst. Ikkje lenge etterpå omset Eivind Skeie salmen til norsk. I vår salmebok står han på nummer 207. For kvar linje så syng vi eit snirklete halleluja. Ein retteleg glad salme å syngja om Jesu si oppstode.

Reidar

Livet vant, dets navn er Jesus!

*T: Olov Hartman 1973
O: Eyvind Skeie 1980
M: Lyra Davidica 1708/1749*

Livet vant, dets navn er Jesus.
Halleluja.
Han var død, men se han lever.
Halleluja.
Dødens porter åpner han,
halleluja,
viser vei til livets land.
Halleluja.

Hva er murer, hva er graver?
Halleluja.
Han er med oss alle dager.
Halleluja.
Én er Herren, én vår tro.
Halleluja.
Ett er brødet på hans bord.
Halleluja.

Brødet brytes, vinen deles,
halleluja,
for at vi ved tro skal leve.
Halleluja.
Av vår hyrde, sterk og god,
halleluja,
får vi liv og overflod.
Halleluja.

Jesus døde for oss alle.
Halleluja.
Vi skal leve for hverandre.
Halleluja.
Jesus oppstod. Så skal vi,
halleluja,
oppstå til et evig liv.
Halleluja.